



Fordjupings-  
oppgåve i norsk  
s. 4-5



Nye fjes  
s. 5



På besøk i  
Kenya. Årets  
misjonsprosjekt  
s. 10

# Tryggheimhelsing





Gjermund Viste

## Tilsetjingsfridom og kristne grunnverdiar

Er kravet om kristent livssyn i strid med diskrimineringslova når ein kristen friskule søker etter lærar som berre skal undervise i fag som engelsk, naturfag og matematikk? Kan vi presisere at den tilsette må dele skulen sitt kristne livssyn, når vi skal lyse ut etter ein vaktmeister?

### Stabil søknad til kristne friskular

Dei siste 12 åra har elevtalet i dei ca. 15 private grunnskulane i Rogaland auka betydeleg, kanskje nærmare 50 %. Elevtalet på desse skulane utgjer likevel ikkje meir enn ca. 2 % av det totale talet på grunnskuleelevar.

Kvifor vel mange foreldre å betale for å ha borna på ein kristen friskule? Ein viktig grunn er at grunnleggjande, kristne kjerneverdiar forsvinn frå fleire og fleire offentlege skular. Utviklinga i den offentlege skulen gjer at sjølv om vi har kristne lærarar der, så er desse lærarane så bundne at høvet til å drive kristen opplæring, er svært avgrensa. For dei fleste elevane i den offentlege skulen vil kvardagen vere prega av agnostisme og relativisme. Desse ideologiane er blitt fundamentet som oppseding og kunnskapsformidling skjer på. I tillegg får offentlege skular klare føringar - som å vere positive til endringane etter ny kjønnsnøytral ekteskapslov.

Eg vonar mange er bevisste på dette. Eg vonar kristne foreldre forsøkjer å "nøytraliser" slik ikkje-kristen påverknad av borna på fritida, i heimen, gjennom barnelag, ungdomslag og konfirmantarbeid.

### Friskulane treng tilsetjingsfridom

Skal dei kristne friskulane vere ein motpol med klar, kristen rettleiing, er det heilt nødvendig med medarbeidarar som er kristne. Men det er det ikkje alltid forståing for. I fjor vart Danielsen vgs klaga inn til Likestillings- og diskrimineringsombordet. Klagaren meinte at kravet om kristent livssyn var i strid med diskrimineringslova fordi lærarane skulen sökte etter berre skulle undervise i fag som engelsk, naturfag og matematikk. Desse faga burde ikkje gje den kristne skulen rett til å bruke unntaket frå diskrimineringslova, fordi faga ikkje inneber nokon form for religiøs forkynning, meinte klagaren.

**Gir skulen rett til å spørje om kristen tru**  
Ikkje overraskande, i samsvar både med fornuft og lovverk, støtta Likestillings- og diskrimineringsombordet Danielsen vgs sin rett til å prioritere søkjrar med eit kristent livssyn. «Skolen er godkjent og registrert som kristen friskole etter Friskoleloven. Ifølge norske myndigheter skal altså skolen fremme kristen tro. Ombudet gir Danielsen rett i at lærerne er pliktige til å vise engasjement og personlig kristen tro, og at lærerne har en religiøs funksjon» (Dagen.no 13.01.17). Rektor Bård Hauge er nøgd med denne avgjerdha, men tenker prinsipielt endå breiare; «... vi mener at også en vaktmester ... har kontakt med elever og utgjør det kristne miljøet på skulen».

Dei kristne friskulane er godkjende som kristne alternativ. Det er deira mandat å ha eit tydeleg, kristent verdigrunnlag. Dei er forventa å gi oppseding og undervisning ut frå eit kristent menneske- og samfunnssyn slik at elevane best mogleg kan utvikle sine evner og ta ansvar i samfunnet. Her vert evangeliet forkjnt for elevane. Her vert elevane utfordra til misjonsengasjement. Vi ønskjer at dei tilsette skal sjå på arbeidet ved skulen som ei teneste i Guds rike. Vi treng difor framleis å kunne lyse ut etter kristne medarbeidarar som deler skulen sitt verdigrunnlag.

### Ferdiglagde gjerningar

Vi ønskjer fokus på læring, vekst og tru. Kvar dag får vi stå i meiningsfulle oppgåver. Vi hadde nettopp flotte leirkuleveker med alle på Vg1. Der fekk vi vitnesbyrd om trivsel, glede og ungdom som har møtt Jesus og vil høre han til.

Takk for omsorg, forbøn og gåver! Vi helsar med Ordsp 14,26: "Den som ottast Herren, har eit sterkt vern og for hans born skal Herren vera ei livd."

# «Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys for min sti.»



Dette verset vart mitt vers då eg var ti år. Eg hadde fått ein ny raud skinnbibel med glidelås og gullbokstavar. Med ustø hand og kladdete kulepenn vart det vel meir til at eg streka ut verset mitt i Salme 119 enn streka under det, slik eg hadde tenkt.

Eg må smila litt av eit slikt barnsleg minne. Men for ein del menneske kan det nok verka endå meir barnsleg at eg framleis synest dette verset er så viktig i livet. Biletet av Guds Ord som ei lykt som kastar lys over kvardagen, som hjelper meg å finna fram i mørkret og halda stø kurs i virvaret. Litt naivt, kanskje? Dessutan, meiner mange, bør vi i alle fall rydda litt i det gamle testamentet. Her er det vel mest berre blodig krig og ubegripelege

ritual, lange sleksregister og skikkar som har gått ut på dato?

Men Guds Ord går ikkje ut på dato. I motsetning til alle andre tekstar som kan gi oss glede og gjera oss klokare, er Bibelen ein tekst som inneheld noko som faktisk gir oss liv. Gud har skapt oss til fellesskap med seg, og heile Bibelen vitnar om kor langt han er villig til å gå for å nå oss. Guds Ord gir svaret på korleis eg kan ha fellesskap med han som har skapt meg, han som kjenner og elskar meg trass det faktum at han er heilag og eg er ein syndar.

Av og til seier vi: «Skulle ønska Gud ville tala til meg, sånn på skikkeleg». Slike sukk kjenner eg meg godt igjen i. Så lett det er å gløyma at han faktisk talar til oss gjennom sitt ord! Vi treng verken vera supersmarte eller særlig åndeleg anlagt for å koma til hans ord og få liv og lys. Men vi må faktisk koma. Vi må faktisk lytta over ein open Bibel. Vi må faktisk prioritera relasjonen til Jesus. For i Bibelen er heile

poenget frå først til sist vårt livgivande møte med Jesus Kristus. «Følg meg», er kallet hans. Ikke fordi det er praktisk, komfortabelt eller lett. Men han er sanninga. Midt mellom alt og alle som ropar på oss er det berre hans ord som gir liv.



Sofie Braut

# Film, glede og kritisk blikk

- Framføringsdagen var ein gild dag med mange ulike tema, sosialt i pausane, me lærte noko og fleire filmar fekk me lyst til å sjå, seier Anita Byberg, Tone Egeland og Sølvi Herabakka i 3STa om fordjupingsoppgåva i norsk og religion.

Tekst og foto: Bjørg Topnes

- Ved vanlege framføringer blir det mest overflatet. Her fekk me tid til å gå skikkeleg i djupna, fortel Tone som valde å fordjupa seg i filmen «Frihetens regn» som ho har sett mange gonger saman med familien. Ho leitte etter parallellear mellom hovudpersonen Andy Dufresne og Jesus, fengselsdirektøren Norton og Judas og såg på kva verdiane og praksisen deira hadde å seia for livet både før og etter døden.

- At me kunne velja mellom ulike tema i religionsfaget, gav oss sjansen til å undersøkja kva filmen ønskte å formidla og kva som var gjort for å få det til, seier ho vidare.

## Norsken i praksis

- Dette var norsken i praksis, meiner Sølvi, mykje meir enn berre å finna verkemiddel. Eg blei bevisst på at det alltid blir sagt noko om livssyn, uansett kva livssyn regissøren eller forfattaren har. Dermed blei arbeidet meir interessant. I tillegg var ei god problemstilling heilt avgjerande. Den hjelpte meg til å styra oppgåva, seier ho.

Sølvi valde filmen «En folkefiende», ei modernisering av Ibsen-stykket med same namn. Ut frå etiske teoriar undersøkte ho samanhengen mellom sanning og makt mellom dei to brørne som startar bedrift

saman, og fann ut at filmen kritiserer motsetninga mellom sanning og eigeninteresse.

Anita valde filmen «Noah» frå 2014 og samanlikna han med Noa-forteljinga i 1. Mosebok.

- Det var mykje eg reagerte på då eg såg filmen. Regissøren er ateist, og eg la merke til at mykje i filmen er oppdikta. Eitt av dei viktigaste funna mine var at Guds stemme mangla i filmen, sjølv om han er svært sentral i bibelforteljinga.

## Ikkje berre underhaldning

- For mange er film berre underhaldning. Det me ser heime, tolkar me lite. Men for å forstå filmen betre, er nok tolking eit godt alternativ, meiner Anita.

- Heime vel me film ut frå kva som er kjekt, ikkje ut frå bodskapen. Underveis får me sympati med ein person, men er det faktisk han som har rett? No har me i

alle fall blitt meir bevisste på at film påverkar veldig lett, føyjer Sølvi til.

Tone nemner eksemplet med at mange rollefigurar i film kjempar for kjærleiken, men at dei trossar ekteskapet. Slik blir ting normaliserte, og me godtek meir enn før.

## Det kritiske blikket

- Me har lært å sjå film med eit kritisk blikk, men heller ikkje øydeleggja filmgleda, seier Tone vidare.

- Eg har faktisk blitt meir interessert i å finna bodskapen. Det er mykje under overflata,



Anita, Tone og Sølvi likte godt den tverrfaglege fordjupingsoppgåva.

meiner Anita og har ei helsing til kommande tredjeklassingar: Arbeidet var mykje kjekkare enn eg trudde og ikkje så omfattande som ein kan få inntrykk av.

Tryggheim har nominert Sølvi som ein av kandidatane til å delta i den rogalandsske fordjupingsmeisterskapen på Garborgsentret på Bryne.

# Sportsspråk som fordjupingsoppgåve

- Fotball interesserer oss begge. Sidan dette skulle vera ei omfattande oppgåve, ville me velja noko me ikkje blei leie av. Derfor blei det fordjupingsoppgåve om sportsspråket i mediene, og særleg fotballspråket. Det seier påbyggselevane Morten Egeland og Ole Andre Slettebø som stilte til framføring i fine skjorter, velfriserte, engasjerte og kunnskapsrike.

Tekst og foto: Bjørg Topnes

- I tillegg blei me litt inspirerte av fjaråse-lev Endre Vignes som kom og framførte si fordjupingsoppgåve for årets påbyggklassar.

- Samarbeidet har gått strålende, er dei samde om. Det var veldig greitt å vera to. Me utfylte kvarandre på framføringa og prøvde å fletta saman stoffet. Dessutan var det kjekkare å øva saman med ein kompis. Både Morten og Ole Andre har spelt fotball aktivt i mange år. Framleis trener Ole Andre tre gongar i veka medan Morten for tida spelar mykje fotball for kjekt.

## Innsidespråket

- I oppgåva la me merke til at sportsraportasjane ofte er lagt opp som forteljingar for å byggja opp spenninga. Dessutan brukar både utøvarar og journalistar metaforar, eit innsidespråk, som publikum ikkje alltid kan, til dømes «å parkera bussen», fortel Morten. Som sportsfolk var dette kjent for oss, men me valde å forklara mange av dei på framføringa for at folk skulle bli bevisste og forstå meir.

Ole Andre peikar på at utøvarane ofte gjentek seg sjølv og brukar same ordet mange gonger.

- Oppgåva var ikkje så vanskeleg, men

utfordringa var å vita kva me skulle ta med og leggja vekt på for å halda oss innanfor problemstillinga, meiner dei to.

## Godt ordtilfang

- Me har lært at mange legg merke til korleis ein snakkar, og at utøvarane ikkje kan seia akkurat kva dei vil. Dessutan er eit godt ordtilfang viktig. Me synest at me hadde god tid til oppgåva, og ikkje minst den heile skuledagen som var avsett – då fekk me gjort mykje! I tillegg vart me nøgde med resultatet, avsluttar Ole Andre og Morten.



Ole Andre og Morten er svært interesserte i sport, og særleg fotball.

# Gamle elevar er nye lærarfjes

Tryggheim vgs. har i fleire år vore utan kvinneleg kroppsøvingslærar. Då problemet blei løyst i haust, fekk ikkje seksjonen berre ei, men tre kvinner.

Tekst og foto: Henrik Foss

Om ikkje det var eit bønneemne, så hadde det over lengre tid vore eit sterkt ønske frå seksjonen si side å tilsetje ein kvinneleg kroppsøvingslærar. Løysinga blei Tonje Løvland (25) frå Flekkefjord, Martha Odeh (26) og Anita Thorsen (28) frå Stavanger.

- Vi har blitt tekne imot på ein god måte. Kollegaane deler erfaringane og undervisningsopplegga sine, samstundes som dei er opne for innspela våre. Det er trygt og godt å vere nytilsett på Tryggheim, seier den ferske trioen etter godt og vel eit halvt år i jobben.

## Comeback

Alle tre er tidlegare friskule-elevar. Martha og Anita har budd tre år på internat på Tryggheim, medan Tonje gjekk på KVS Lyngdal. At dei to tidlegare Tryggheim-elevane skulle kome tilbake som lærarar, var ikkje i tankane då dei gjekk ut av vidaregåande.

- Eg visste ikkje ein gong at eg skulle bli lærar då eg slutta som elev. Men då eg i 2014 var undervegs i studiet til å bli lærar, snakka eg med Gjermund og Anne Kristine på UL. Etter samtalene byrja eg å tenkje på å søkje jobb på Tryggheim, seier Anita, som underviser i kristendom i tillegg til kroppsøving.

Noko av det som har overraska henne mest i jobben som lærar, er kor samansett rolla er.

- Du er eit førebilete, ein mentor og ein



Dei nye lærarane Anita Thorsen (t.v.) og Martha Odeh (t.h.) frå Stavanger er tidlegare Tryggheim-elevar, medan Tonje Løvland frå Flekkefjord gjekk på KVS Lyngdal.

person elevane kan ta ein kvardagsdrøs med. Ein lærar har mange oppgåver, seier Anita.

## Frå offentleg skule

Martha underviser i matte, naturfag og kroppsøving. Før ho kom til Tryggheim, arbeidde ho på ein offentleg ungdomsskule i Stavanger.

- Tidlegare såg eg for meg at eg skulle arbeide i offentleg skule og vere eit vitne for kollegaane der. Men då eg fekk høre at det var ledig jobb på Tryggheim, byrja ein prosess. Eg bad mykje og fann ut at eg skulle søkje her, og eg har ikkje angra på det, seier ho og legg til at kristne lærarar trengst både i offentlege skular og på kristne friskular.

- Det var kjekt og godt å kome tilbake. Det er spennande å sitje på den andre sida av bordet, seier ho.

## Travelt og lærerikt

Sjølv om ikkje Tonje har vore elev ved Tryggheim vgs., kjente ho skulen frå før, mellom anna fordi storesøster Lina er tidlegare internatelev.

- I fjor vår sende eg ein open søknad til NLMVgs. Etter kvart fekk eg ein e-post frå Gjermund om at Tryggheim trøng spansk- og kroppsøvingslærar, seier ho.

Kroppsøving-trioen ser tilbake på den første tida i jobben som spennande, men hektisk.

- Det har vore travelt, men samstundes ei lærerik tid. Tryggheim er ein god plass å vere ny i jobben, avsluttar Tonje.

# Revy-veke på Tryggheim

Den 1. og 2. februar sette 9. trinn på Tryggheim ungdomsskule opp forestillinga «Dei bortkomne». Den tok utgangspunkt i den kjente bibelhistoria om «Den bortkomne sonen». Forestillinga inneholdt både dramatikk, kjensler, song, dans og skodespel.

Tekst: Inger Freiholt (9C)  
Foto: Ingve Gilje

## Grunnen til forestillinga

På Tryggheim ungdomsskule får 9. trinn kvart år i oppgåve å sette opp ei forestilling. Skulen veksler mellom tre ulike historier, slik at kvar historie blir sett opp kvart tredje år. I år skulle elevane sette opp «Dei bortkomne». Det blir sett av ei heil veke til dette arbeidet. Elevane blei delt inn i ulike grupper etter eigne ønske, og kvar gruppe hadde ansvar for eit særleg område. Dette vart ei svært annleis og arbeidskrevjande veke for elevane.

## Handlinga i revyen

Forteljinga tek utgangspunkt i ei kjent forteljing frå Bibelen, nemleg historia om den bortkomne sonen. Når historia tilsynelatande sluttar med at sonen vel å reise heim igjen, viser det seg at det heile berre er ei filmminnspeling. Skodespelarane får etterkvart mange problem i deira verkelege liv som dei slit med, slik at dei kjenner seg like bortkomne som den bortkomne sonen.

## Mykje arbeid

Det ligg masse arbeid bak forestillinga. Mat måtte lagast, kostymer måtte skaffast, replikkar måtte øvast inn, lys og lyd måtte justerast, videoklipp skulle lagast og mykje meir. Elevane starta arbeidet torsdag 26. januar, og frå då og fram til framføringa var dagane fylt med førebuingar alle timane dei var på skulen. Alle gruppene stod på og gjorde ein kjempebra innsats.

## Dans og song

Som nemnt innehold forestillinga både song og dans. Til saman var det fire dansar i forestillinga. Dansegruppa blei delt i to, og kvar gruppe lærte seg og framførte to av dansane.

Det var også mykje song i forestillinga. Musikkgruppa bestod av fire elevar, med eit komp bestående av trommer, piano og to til tre songarar.

## Kostymegruppa

Det er viktig at skodespelarane har kostyme til forestillinga. Ei gruppe hadde ansvar for å ordne med det. På Tryggheim er det ein kjel-



Musikkgruppa spela fleire sangar «live» i revyen.

lar med kostymer. Her fann kostymegruppa det som var nødvendig til forestillinga.

## Kulisser/scenearbeidarar

Ei anna gruppe hadde ansvar for å finne og lage ulike kulissar som trongst til forestillinga, samt at dei skulle vere scenearbeidarar. Det var dei som flytta og la fram kulissane under forestillinga.

## Teknikk

Det er mykje teknikk som må på plass til ei forestilling. Teknikkgruppa har hatt ansvar for å styre lyd og lys under forestillingane. Dei laga og to filmer om elevane sine førebuingar, som blei lagt ut på Facebook før forestillinga.

## Matgruppa

Matgruppa laga mykje god mat til forestillinga, blant anna kaker, kanelbollar og pizzarullar.

## PR-gruppa

PR-gruppa hadde ansvar for å skrive mykje forskjellig om forestillinga. Dei laga blant anna eit hefte med intervju og samandrag. Dei skreiv og ulike artiklar, og tok mange bilete.

## Skodespelarane

Skodespelarane hadde nok mest å gjere. Fleire av dei starta å pugge replikkar ei veke før det heile byrja, og dei måtte øve mykje på replikkane sine og på dei ulike scenene i



Nokre av skodespelarane i bibelske kostymar.

førestillinga. Ikkje berre har dei brukta heile skuledagar til øving, men også ein del av fritida si for å vere godt nok førebudd. Etter kvart sat replikkane godt, og det verka som dei verkeleg koste seg på scenen.

### Førestillingane

Førestillinga blei framført både onsdag 1. og torsdag 2. februar. På onsdag kveld var foreldre og familie til 9. trinn inviterte. Det blei selt kaker som matgruppa hadde laga før førestillinga.

På torsdag var det to framføringer i skuletida for ulike skular på Nærø. Den første var for elevar på Tryggheim, både på ungdomsskulen og på vidaregående. Den neste var for elevar på ulike barneskular i nærlieken.

### Ei annleis veke

Dette var ei veldig annleis og spanande veke for 9. trinn. Det har vore kjekt å gjere noko anna enn å berre ha vanlege skuledagar. Elevane har og lært mykje av dette. Blant anna at det ikkje berre er å sette nokon skodespelarar på ei scene og la dei gjere jobben. Det er mykje meir som skal til for å lage ei skikkelig god førestilling enn dei fleste kanskje trur.



Ei scene frå revyen «Dei bortkomne».

### Meininga bak førestillinga

Som oftast ligg det ei meining bak bøker, filmar og førestillingar. Det gjorde det også her. I byrjinga verkar det som om meininga med denne førestillinga berre er å vise den fine og kjente bibelforteljinga «Den bortkomne sonen». Men etter kvart viser det seg at historia handlar like mykje om ungdom i dag, og at historia om «den bortkomne sonen» er like aktuell i dag som då ho blei skriven. Bodskapet er at ein kan få tilgjeving og moglegheit til å starte på nytt, uansett kor mykje dumt ein gjer og kor dumme val ein tek.

(Redigert av Ingve Gilje)

# - Ikkje ta det så tungt!

Dette var rådet som Aurora Nærland Reime gav seg sjølv, då ho gløymte ein replikk under revyen «Dei bortkomne», som Tryggheim ungdomsskule framførte i februar. Ho hadde hovudrolla som «Beate», ein ambisiøs ung skodespelar, som drøymer stort og helst vil komme seg vekk frå heimstaden sin.

Tekst og foto: Ingve Gilje

- Det var kjekt å øve og vere med dei andre skodespelarane, seier Aurora. Ho likte svært godt at det var så sosialt å arbeide med dei andre.
- Vi var ein god gjeng som hadde det kjekt i lag i forkant, men det var kjekt å vere ferdig med øvingane og komme i gang med sjølve førestillingane, seier ho.

### Nervositet

- På den første førestillinga var eg kjempenervøs, eg tenkte, kva har eg gjort nå? ler Aurora. Heldigvis gjekk det fort over.

- Det var kjempeskjukt utanom i starten på førestillinga, då var eg litt redd og nervøs. Eg såg at det var mange folk i salen, og eg hadde hovudrolla, så tenk viss eg dummar meg ut?

Aurora har eit knep mot slike mørke tankar.

- Då er det berre å smile og le, eg gløymde jo replikken min ein gong, men eg tenker at det går som det går, og tar det ikkje så tungt.



Aurora Nærland Reime hadde hovudrolla i revyen «Dei bortkomne».

### Bodskapen

Revyen handlar først om ei filminnspeling, der historia om den bortkomne sonen frå Bibelen vert skildra. Så tek den ei vending, der skodespelarane finn ut at dei sjølve har mykje til felles med historia, derav tittelen «Dei bortkomne».

Aurora likte godt bodskapen i revyen.

- Eg tykkjer det er ein bra bodskap, det at du alltid kan reisa heim uansett kor gale det er. Sjølv om det var mykje «god gang», var det samtidig ein god bodskap.
- Kjente du deg igjen i bodskapen?
- Ja, eg og føler at eg helst vil klare meg sjølv, men så skjer det noko dumt. Kanskje eg kranglar med venner eller andre, men da kan eg gå heim og snakke med mor.

### Fakta om revyen «Dei Bortkomne»:

Skreven av Sigurd Idland, lærar Tryggheim usk.  
Regi ved Kjersti Skjæveland, lærar Tryggheim usk.  
Framført av 9. trinn den 1. og 2. februar 2017.

# Leiarhjørnet

### Takk for all omtanke og forbøn!

Å arbeida med ungdom er fantastisk. Kvar dag får me treffa flotte ungdommar som byr på seg sjølv. Ungdommar som smiler og seier hei.



Ungdommar som bryr seg om kvarandre og som er gode for kvarandre. Ungdommar som bryner seg på kvarandre og på oss som arbeider på skulen. Ungdommar som stundom har dagar der dei fleste rundt dei er vanskelege og dei aller helst berre vil ha fred.

Ein lærar sa det slik til elevane og foreldra på eit arrangement nå i vinter: «Eg kunne ikkje hatt ein betre arbeidsplass. Eg er kjempeheldig som får arbeida med dykk elevar. Takk til dykk alle for det de gir til meg.»

Me er nå i gang med opptak av elevar til neste skuleår. Nokre ledige plassar har me framleis på 8. og 9. trinn. Fint om de kan fortelja dette til vene og kjente.  
Helsar dykk alle med Joh. 3,17: «Gud sende ikkje Son sin til verda for at han skulle dømma verda, men for at verda skulle bli frelst ved han.»

Tron-Arild Grødem

# USK på radioen!



Dei tre 10.-klassingane som forsvara Tryggheims ære, f.v. Anna Romsdal Nærland, Bjarne Risa og Ole Elias Bergesen.

Fotograf: Ole Elias Bergesen

I februar var tre elevar frå 10. trinn med på Klassequizzen på NRK Lokalen. Dei fekk ni poeng i konkurransen, og kom dessverre ikkje vidare, men eit triveleg besøk hadde dei, ifølgje Ole Elias Bergesen. Med seg til Stavanger hadde han Bjarne Risa og Anna Romsdal Nærland.

- Eg synest det gjekk relativt bra, men det kunne jo sjølv sagt gått betre. Det gjekkeldig bra å komme seg bort til NRK, og me vart godt mottekelege av hyggelege folk.
- Ole seier han synest det var særstundt spennande å vere på radio, spesielt å vere med «live».
- Nå kjem me nok ikkje vidare, då måtte me fått minst 11 poeng, men eg trur at me representerte Tryggheim Ungdomsskule ganske bra!

# Tid for hjem og rom for folk

Morten Skjærpe Knarrum frå Nærø var elev på det som heitte allmennfagleg studie- retning på Tryggheim frå 1996-1999. Dei siste åra har han markert seg med å vinna prisar for møbeldesign, og nå den siste tida har han vore designar i TV2-programmet Tid for hjem.

■ Tekst: Knut Handeland  
■ Foto: 100% Norway og Colin Eick

Han fekk mykje merksem allereie for masterprosjektet sitt i 2011, då han designa bordet «Saman» og stolen «Låst», saman med innsette i Vik fengsel. Designen vann fleire prisar, og det originale konseptet med ein tydeleg sosial profil gav mykje medieomtale. Morten har sidan brukt delar av arbeidstida si som tilsett ved Kriminalomsorgen region vest for å vidareutvikla idear og samarbeid for innsette og tilsette i fleire fengsel. Han driv også eit eige designstudio saman med Jonas Norheim, og begge arbeider som 'design director' hjå Northern Lighting. Noko seier meg at livet hans ikkje har vore ei bein linje – eg minnest han ikkje som ein hardkot karrierejeger på vidaregåande. Framtida var ikkje heilt ferdig designa, eller skjulte han det berre godt?

## Korleis vil du beskriva tida på Tryggheim?

- Det var veldig kjekt, eg treivst godt, spesielt sosialt, eg kjente mange frå før då eg begynte, og hadde nokre gode år der. Eg trur eg var pliktig oppfyllande i fyrste klasse



Morten skimtast i spegelen Selfie.

og delvis i andre, men sklei ut i tredje. Ofte var det kjekkare å sitta i hallen og lesa avisar enn å gå til time. Sikkert til fortviling for Ivar Smedsgård - og for deg... Eg kjenner ein viss grunn til å beklaga den svake innsatsen på skulen. Eg hadde eigentleg ein liten plan om å gå helse- og sosial pluss påbygg, med ein liten tanke om å bli lærar. Men så skulle fleire eg kjende gå allmenn, så då heiv eg meg med på det. Mange var så bestemte og definerte på kva dei skulle bli; lærar, politi, sjukepleiar, men eg visste ikkje sikkert kva eg ville. Så blei det eitt år til der eg tok opp att fag for å forbetra karakterar - forstår ikkje heilt kvifor eg gjorde det - men, eg fekk jo glede av å tilbringa eit år til med blant andre deg og Kjell Aage Nielsen.

## Kva gjorde du så?

- Eg begynte på historie grunnfag, men hoppa av etter ei tid, jobba litt i ein butikkjede før eg kom inn på grafisk design på MI i Stavanger. Etter det søkte eg på Masterstudiet i design ved Kunsthøgskolen i Bergen. Der var det heldigvis ikkje berre karakterar dei var på utkikk etter. Dei såg etter realkompetanse og eg gjennomførte først ei opptaksprøve, dernest eit intervju og så ei påfølgande opptaksprøve før eg kom inn.

**Du har lukkast godt i bransjen, og har mottatt fleire prisar og utmerkingar i ung alder. Kor mykje av dette skuldast god**

## langtidsplanlegging?

- Hehe....det er vel meir eit resultat av hard jobbing. Ting kjem sjeldan gratis har mor alltid sagt. Ho har nok eit poeng eller to der.

## Er det å få prisar omtrent som å få gode karakterar?

- Det var nok aldri feil å få gode karakterar, sjølv om eg kan hugsa at det var lenge mellom kvar gong eg fekk oppleva det på Tryggheim. Latskapen tok nok dessverre over styringa på skulearbeidet innimellem... Men det er jo alltid kjekt å få oppleva verdsetting av arbeid ein gjer, å få ei form for anerkjenning, og pengane kom godt med, det kostar ein del å få produsert prototypar og reisa rundt på utstillingar omkring i verda; USA, England, Italia, Portugal o.l.

**Du har jobba i kriminalomsorga, og både hjelpt fangar og kanskje fått hjelp av fangar til å produsera stolar og bord. Produkta har blitt premiert for kriminel god design. Kva dreiv deg til fengselet og kva har arbeidet betydd?**

- Det er meiningsfylt å hjelpa til med rehabilitering av folk som ein dag skal ut av fengselet. Å snekra pallar kan vera nyttig, men det er god stimulans å strekkja seg mot noko meir avansert, og resultatet er stolheit og meistring når dei innsette i større grad får bruka kreativiteten og bryna tanken. Rehabilitering er ein av grunnpiilarar i norsk



kriminalomsorg, og det er givande å få vera med å utvikla og forbetra innhaldet i norsk straffegjennomføring. Så er det jo kjekt å få vera med og utvikla store system som kjem andre til gode.

#### Korleis vurderer du designen på skulen Tryggheim?

Nei, på Tryggheim... hmm, den har vel gjerne eit utviklingspotensial (?).

#### På kva måte bør ein ta omsyn til typen institusjon, formålet med institusjonen, når ein vel møbel og utsmykking?

Ikkje at eg har hatt grunn til å tru noko anna, men det er nå Morten verkeleg bekreftar at han ikkje er ein einspora design-fundamentalist:

- Fyrst vil eg seia at det er viktigare at folk får nok sovn og at dei et frukost. Så må ein vera nysgjerrig på nye ting. Historia, for eksempel, legg grunnlaget for korleis ein skal forma framtida. Ein har att for å vera nysgjerrig på samfunnet, omgivnadene, både dei nære og dei fjerne, og suga til seg inntrykk og kunnskap, løfta blikket over pc-skjermen. Desse tinga er gjerne viktigare for elevane enn design på rommet. Men elles bør ein ta omsyn til samspel mellom form og materialar og ha godt lys.

#### For ei tid sidan høyrté eg om ein interiørarkitekt som oppglødd ropte ut: «Se hvordan lampene snakker med hverandre!» Kan det bli mykje jáleri, luftsloss og keisarar utan klede i din bransje?

- Ja, det kan bli litt internt stammespråk, som i mange yrke, men det er forskjellar mellom folk på korleis ein snakkar om tinga og kor jordnært ein uttrykker seg.

#### Kva håpar du skjer vidare i ditt eige liv?

- Ein designkollega og eg starta firmaet Morten & Jonas, som eg håpar kan halda fram med spanande ting, både eigenproduksjon og oppdrag for andre. Håpet mitt er å kunna leva greitt av jobben, draumen er å leva av royalties ved at store produsentar set nokre av tinga våre i produksjon og at dei sel godt. Då kan ein kanskje få råd til ei teiknehytte på Jæren med tid og stunder.

#### Har du eit tips til elevar som ikkje veit kva dei skal gjera etter vidaregåande?

- Alle har ein draum om eit eller anna, men veit kanskje ikkje korleis ein kjem dit. Ein må ha mot til å tora satsa og følgja draumen – uff, eg veit dette høyrest ut som ein klisjé - eg meiner ikkje at ein må bli så egosentrisk at alt handlar om ein sjølv. Eg fekk med meg debatten i fjor om dette temaet med å følgja draumen, men eg har ei litt både- og-innstilling til temaet. Designaryket, for eksempel, er ikkje ein egotripp. I utdanninga er merksemda svært mykje retta mot etiske spørsmål, miljø og samfunnsansvar og om det å følgja draumen sin gjev lukke. Det kan jo henda at om ein er lukkeleg med seg sjølv, er det og kanskje lettare å skapa lukke for andre rundt seg. Og kva som skaper lukke for kvar einskild kan jo vera så mangt. Eg hugsar blant anna at eg var overlukkeleg for å slepa på å koma opp i tysk munnleg eksamen...

# Foredro for fagfolk og folk flest



Psykologilærerne Eli Bjuland og Svein Bertil Dybesland (ikke på bilde) hadde med seg 3.-klassingene Anita Byberg og Håkon Mjøs da hun foredro for psykiatere og psykologer ved Jæren distriktspsykiatriske senter i februar.

## Psykologilærere og -elever ved Tryggheim vgs. har i vinter holdt foredrag for psykiatere, psykologer og det brede lag.

- Tekst: Henrik Foss
- Foto: Johannes Høyvik

I begynnelsen av februar holdt psykologilærerne Eli Bjuland og Svein Bertil Dybesland, sammen med fire 2.-klassinger som har programfaget psykologi, en åpen forelesning på kjøpesenteret M44 på Bryne. Temaet for foredraget var «generasjon prestasjon», og på programmet sto blant annet visning av elevproduserte filmer.  
- Vi har hatt et filmprosjekt i psykologifaget med tittelen «generasjon prestasjon». Elevenes oppgave var å lage filmer som handler om psykiske lidelser anno 2017, og om hva slags stress og press ungdommene opplever i dag, sier Eli.

Arrangementet i personalkantina på M44 var en del av en satsing som Jæren distriktspsykiatriske senter (DPS) står bak, der målet er å formidle psykologikunnskap til folket. I løpet av året holder forskjellige personer foredrag med ulike tema, og Eli er med i arbeidsutvalget som lager programmet til forelesningsserien.

#### Uventet oppdrag

Etter at Tryggheim-lærerne og -elevene hadde vært på M44, ble de invitert til å foredra for psykiatere og psykologer på

Jæren DPS den påfølgende uka. Temaet «generasjon prestasjon» var det samme, men foredraget ble justert noe siden det var fagfolk som skulle lytte til foredrag nummer to.

- Elevene snakket litt om karakterpress og hvor stritt det er å være elev. Jeg fortalte hvordan det er å være lærer og pekte på at lærere og elever risikerer å slite hverandre ut. Elevene stiller høye krav til lærerne, og elevene presterer bra fordi de ikke vil skuffe lærerne, sier Eli.

Svein Bertil fortalte om generasjon prestasjon fra kontaktlærerperspektivet.

- Selv om det er mye positivt ved at elevene presterer bra, kan det også skape noen utfordringer. For en elev kan det være vanskelig ikke å prestere så godt som eleven ønsker. Samtidig opplever jeg ikke at elevene trenger mer profesjonell hjelp enn tidligere, sier Svein Bertil. Han understreker at han er glad for at Tryggheim vgs. har egen skolepsykolog som er tilgjengelig for elevene en dag i uka.

#### Vakte interesse

Ifølge psykologilærerne møtte gjengen fra Tryggheim en svært lydhør forsamlings-

-Tilhørerne var interessert i å høre fra skolehverdagen. Fagfolkene stilte blant annet flere spørsmål til elevene, sier de to lærerne, som også fortalte om Tryggheims sær preg som kristen skole.

Da Tryggheim gjestet M44, var Vg2-elevene Vegard Soteland, Alexander Gilje, Andrea Gonzales Apeland og Ingrid Ruud med, mens på Jæren DPS deltok Vg3-elevene Anita Byberg og Håkon Mjøs.

# 3.-klassinger besøkte årets misjonsland

Avgangselevene Alice Salte og Rebekka Faith Haynes fikk i november stifte nærmere bekjentskap med årets misjonsprosjekt. Her kommer et reisereferat fra turen deres til Kenya.

■ Tekst og foto: Alice Salte og Rebekka Faith Haynes

«Verden for Kristus!» Dette er altså visjonen til NLM, og gjennom årets misjonsprosjekt får russe på Tryggheim leve dette ut i praksis. Prosjektet går ut på å samle inn penger til de mange prosjektene som drives i dette spennende og fargerike landet i Øst-Afrika. I november var vi så heldige at vi fikk muligheten til å reise til Kenya og se arbeidet med egne øyne. Gjennom sterke møter med folket og kulturen fikk vi se hvor mye NLM sitt arbeid betyr for dem og hvor mye de trenger hjelpen de får.

Første stopp på den store reisen var hovedstaden, Nairobi. Selv om det ikke drives et konkret arbeid her, er det et viktig sted ettersom det er hovedbasen for misjonærene i Kenya. Videre gikk turen til Arusha, som ligger rett over grensen til Tanzania. Her ble vi møtt med åpne armer av en misjonær-familie som driver et forlag for kristen litteratur, Soma Biblia. Gjennom salg av bøker, sangbøker, blader og annen litteratur ønsker Soma Biblia å nå ut til flere men-



Her er noen av de mange barna Tryggheim-elevene møtte på turen til Kenya.



Rebekka Faith Haynes og Alice Salte besøkte Kenya i november. Dette bildet er tatt i Mombasa.

nesker i Øst-Afrika med evangeliet. I Arusha solgte vi bøker og sangbøker i et intenst og spennende møte med lokalbefolkningen.

På neste stopp besøkte vi mediearbeidet i Voi, som har et spesielt fokus på situasjonen mellom kristne og muslimer. Dette forholdet er svært problematisk, og misjonærene ønsker å bryte ned fordommer og skape gode relasjoner mellom dem. Navnet på prosjektet er «Penda Jirani» som betyr elsk din neste, og dette sier mye om målet for arbeidet.

Etter besøket i Voi ble gruppen vi reiste med, delt i to, og vi reiste til Mombasa, ved kysten. Store deler av befolkningen i Mombasa er muslimer, noe vi fort merket når vi gikk rundt i byen. NLM har et stort fokus på å nå ut til muslimer, som det er utfordrende å nå ut med evangeliet til. Vi besøkte en skole som tilbyr voksenopplæring for Somalifolket, der 98 prosent er muslimer. Vi ble også kjent med en somalikvinne som nå har blitt støttet ut av familie og muslimske bekjente på grunn av deres mistanke om at hun er kristen. Den andre gruppen reiste til Bengale og fikk et godt innblikk i vann- og hygienearbeidet som drives i tørre områder med stor vannmangel.

Vi er kalt til å dele evangeliet, og dette får vi muligheten til å være en del av gjennom misjonsprosjektet. I Romerne 10,13-15 får vi blant annet se hvor viktig misjon er, og selv om arbeidet i Kenya har utrettet mye så langt, er behovet for hjelp enda stort.



# Gevinstliste hovedtrekning Tryggheimbasaren 2017

Nr	Gevinst	Lodd	Vinnerens navn:	Adresse
1	Møbler Bohus	7206	Johannes Osen	Sandnes
2	Reisesjekk Pluss Reiser	21533	Sverre Strandberg	Vikeså
3	Gavekort Solberg	16295	Eldbjørg Siqveland	Vigrestad
4	Sykkel, hybrid	19375	Christen Øygard	Bryne
5	Hitachi muttretrekker	9716	Eli Heng	Nærø
6	Samsonite koffert	860	Johanna og Gustav Bø	Randaberg
7	Safe, med el.lås	10056	Fam. Kjell Aage Nielsen	Nærø
8	Nettbrett, Galaxy	10645	Irene Johansen	Froland
9	6 Kunstglass Walker	18993	Arnfinn Bleka	Kleppe
10	Middagservise (6) Artesano	19035	Oddvar Helgeland	Bryne
11	Gavkort Fargerike Halvorsen	16573	Margit og Sigmund Aarsland	Vigrestad
12	6 krus Sama	12955	Eli Torland	Vigrestad
13	Birkebeiner bålpanne	21615	Solvor Kvitno	Vikeså
14	Elvang ullpledd+puter	12364	Kirsti og Leif Håland	Bryne
15	Ryggsekk	17760	Mads Meltveit	Fister
16	Skål Walker	11968	Kai Sigve Voster m/fam	Tau
17	Steketakke	5496	Emil Bark Kvamme	
18	Telt (4 pers.)	20431	Håkon Dahl	Dirdal
19	Kniver i bambusstativ	8293	Solveig Syvertsen	Førresfjorden
20	Brio dukkevogn	5501	Fredrik Ording	Kristiansand
21	3 skåler Lucie	19184	Dagfinn Sørskog	Bryne
22	Lego, Politistasjon	6890	Per Dubland	Varhaug
23	Røkvarsler	19628	Ingebjørg og Per O. Karlsen	Grimstad
24	Ment vase	23897	Nils Husveg	Varhaug
25	Kahler Globo lysestake	24984	Geir Opstad	Nærø
26	Rosendahl (krukker)	15385	Geir Trygve Askeland	Hommersåk
27	Kubbespill	1425	Anne Grete Huseby	Sandnes
28	Grensaks	20030	Anne og Jarl Sirevåg	Ogna
29	Sovepose HC 220	6899	Unni Bø	Nærø
30	Basketballkurv	24925	Elina og Lydia Tobiassen	Nærø
31	Sovepose HC 175	19871	Reidun Svendsen	Brusand
32	Scoop spill	10420	Ørjan Bø	Årdal

# Elevstemne 2017

Stemnet vert den 16. og 17. juni. 50-, 60- og 70-årsjubilantane startar på fredag 16. juni med innkvartering frå klokka 16.30.

10-, 20-, 30- og 40-årsjubilantane har jubileum laurdag den 17. juni frå klokka 1300. Vonar me ser mange tidlegare Tryggheim-elevar attende denne helga.

Velkommen

## Tryggheimkalender

### MARS

Lør. 18. «UNBOUND», nytt ungdomsarrangement v/ Tryggheim vgs og Nærø ungdomslag. Seminar, møte og god stemning hele dagen.

### APRIL

Man. 10. Start påskeferie  
Ons. 19. Første skoledag etter påske

### MAI

Ti. 2. Felles studiedag ST/PB  
Man. 8. Misjonsløp  
*Vil du sponse deltakere, gå inn på nettsiden tryggheim.misjonsløp.no*

### JUNI

Fre. 9. Avslutningsfest  
Tirs. 13. Muntlige eksamener

## TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)  
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)  
Henrik Foss  
Sofie Braut  
Knut Handeland  
Bjørg Topnes  
Ingve Gilje (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogdal

e-post Tryggheim skular: post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.  
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS

Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)



Åshild Strand (ST 07-10) og Lars Bruhaug giftet seg 24. september.  
Lars Undheim (AF 96-99) og Elsa Varhaug giftet seg 16. desember.

**May-Britt Lode** (AF 93-96) deltok i NRKs TV-serie «Superbonden» i høst, der målet var å kåre den beste bonden av utvalgte bønder fra hele landet. May-Britt var med helt til finalerunden i siste program i serien, og tok en flott og vel fortjent bronseplace.

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen.  
Send e-post til [aanestad@tryggheim.no](mailto:aanestad@tryggheim.no), SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

# Leirskolen 2017 i bilder

*Utsikt over Tjørhomfjellet.*



*På ski.*



*Engasjement på fellessamling.*

*Pause i finværet.*



*Fint på fjellet.*

